



Mange minne kom fram då Liv Janne, mora Liv og far Jan Henrik Hansen, var samla i helga.

**Familien Liv og Jan Henrik Hansen og dotter deira, Liv Janne, overlevde den dramatiske skipseksplasjonen på MS FERNCastle onsdag 17. februar 1971 kl. 18.00 lokal tid. Det er snart 50 år sidan. Familien var samla i helga i Uskedalen og snakka om hendinga i havet 300 nautiske mil vest for Gibraltar. Mange minne kjem fram. Liv Janne, som var 20 månader, hugsar ikkje noko, men foreldra fortel i detalj frå eksplasjonen og frå berginga og turen med ein fiskebåt inn til Lisboa. Kapteinen, Bjarne Helvik, var frå Herøysundet.**

Jan Henrik Hansen var 2. maskinist på FERNCastle til Fearnley & Eger. Familien var samla om bord like før jul. Turen gjekk frå Wilhelmshafen og målet var Nigeria. Onsdag 17. februar eksploderte fordekket. Liv og Liv Janne var på lugaren. Jan Henrik var saman med ein reparatør i maskinrommet. Mykje røyk førte til at det var vanskeleg å få pusta. Steamrøyk og kjellar fauk rundt. Den vanlege utgangen var blokkert av flammor. Han fann ein annan utgang og kom seg på dekk. Der stod Liv og Liv Janne og venta på han. Reparatøren og seks av mannskapet på dekk, som utførte tanksjau, omkom. 36 overlevde ulukka.

Liv Janne er utdanna sivilingeniør og har arbeidet sitt i Equinor i faget prosess og automasjon. Ho har til tider vore offshore og hatt ansvaret for større prosjekt på plattformer, mellom anna på Johan Sverdrup og Snorre.



Skisplukka er godt dokumentert og familien Hansen ser det som ein styrke å ta fram minne og snakka om ulukka for snart 50 år sidan. Etter nokre timar i livbåt vart dei plukka opp av ein spansk fiskebåt og ført inn til Lisboa. Turen tok eit døger og dagen etter stod eit chartra fly klar til å ta mannskapet til Oslo. Veslejenta på 1,5 år var midtpunkt kor ein kom med mykje merksemd i aviser, blad og på TV. Etter sjøforklaringa i Oslo gjekk turen heim til Uskedalen.

I 1974 var heile familien samla på sjøen på nytt. Liv Janne sin bror, Jonny, var fødd redaren spanderte jordomsegling på alle om bord på MS FERNINGROVE. Jan Henrik var då 1. maskinist. Fem månader på sjøen med mange opplevingar, mellom anna frå verdas minste republikk, Nauru, i Stillehavet. Turen starta i Emden i Tyskland og gjekk via USA til Japan, Australia med endehamn Antwerpen.

Jan Henrik segla utanriks til 1974. Då vart det HSD, på MS HALSNØY og seinare på mange av ferjene i flåten, fram til fylte 62 år og dermed pensjonist. Det er lite snakk om seinverkander etter ei slik skisplukke, bortsett frå at han kan oppleva å reagera på høge og skrape lydar. Nokre legg lok på slike hendingar og vil ikkje snakka. For Liv Janne, Liv og Jan Henrik er det naturleg å ta fram utklippspermen med alle presseopplaga, det same med flytevesten med brennmerke og oljeflekker.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Brennmerke og oljesøl er godt synleg på redningsvesten.